



Møtereferat

Gruppe/tema: Styringsgruppemøte K6 – Tekniske tenester
Møtestad: Skodje Rådhus, Lunsjrommet
Dato: 09.01.2019
Tid: 09:00 – 12.00
Møteleiar: Ole Andreas Søvik

Deltakarar:	Kommune:
Ole Andreas Søvik	Kommunalsjef K6
Kjell Sindre Johansen	Haram kommune
Kim André Breivik	Sandøy kommune
Frode Helland	Skodje kommune
Morten Sloth-Fjordside	Ørskog kommune
Ronny Frekhaug og Irene Kalstad Aase - forfall	Ålesund kommune
Haldor Lillebø	Delta
Kristin Nonsvik	NITO
Michael Werner	Verneombod
Bjørn Skulstad (VAR) og Oddvar Kongsvik (VAR)	Gjester, Ålesund kommune
Rolf Klock, Capricorn AS	Gjest

Saksliste: Vi må beslutte/konkludere:

1. Sekretærfunksjon for K6: Som sagt før nyttår, kan ikke Irene fortsette i rolla som koordinator og sekretær for K6 i 2019. Det må velges en person som skriver referat fra dagens møte. Alle bes om å komme med forslag til ny sekretærressurs. Har du kollega som kan ta en slik rolle for styringsgruppa?
2. Gjennomgang av høringsuttalelser: Har mottatte høringsuttalelser på forslag til organisasjonsplan (høringsfrist 1/1-19) konsekvenser for kommunalområde 6?
3. Gjennomgang av foreløpig forslag til organisasjonsplan for K6 på avdelingsnivå. Presentasjon i møtet som deretter diskuteres/drøftes/utvikles.
4. Peike ut 1-2 personer i styringsgruppa som får ansvar for å samle informasjon og lage oversikt over gjeldende avtaler i de respektive kommunene. Jfr. vedlegg: Avtalemal, Vertskommunesamarbeid og offentlig innkjøp og punkt 4 i Harmoniseringsmandatet som er lagt ved innkallinga:
I tråd med Fellesnemnda sitt vedtak 15.02.18 skal interkommunalt samarbeid vidareførast i

nye Ålesund kommune på ei rekke område. På bakgrunn av dette vert det arbeid med nye framlegg til samarbeidsavtalar innafor dei ulike stabs- og kommunalområda.

Kommuneadvokaten har utarbeidd eit forslag til avtalemal for vertskommunesamarbeid etter kml § 28-1 b).

- Malen er utarbeidd slik at avtalane kan sjå mest mogeleg eins ut, med same rekkefølga i punkt.
- Malen kan og nyttast som ei sjekklister der ein har eit grunnlag for å vurdere om ein har med alt som er nødvendig og kva som er nødvendig.
- Malen er i word-format slik at teksten kan endrast og den forklarande teksten blir tatt vekk (den i raudt). Utsjånaden (layout, font, skrifttype mv) ligg fast.
- Malen kan ikkje fange opp alle dei ulike problemstillingane og dekkje alle behov, og er heller ikkje meint som det. Kommuneadvokatkontoret kan vere ein drøftingspartnar når det gjeld det juridiske i avtalane, men kan ikkje ta stilling til det som må forankrast politisk/administrativt.
- Malen må sjåast i samanheng med vedlagde «Notat om offentlige innkjøp ved interkommunale avtaler og særlig om vertskommunesamarbeid etter kml § 28-1 a-k» som tidlegare er sendt ut, samt dei ulike rettleiarar:

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/vertskommunemodellen-i-kommuneloven--28-/id644574/>

<https://www.ks.no/globalassets/introduksjonshefte-interkommunalt-samarbeid.pdf>

<https://www.ks.no/contentassets/b930b0dc570442a183a9a2c48753e283/veileder-handlingrommet-offentlige-anskaffelser.pdf>

Referat:

1. Koordinatorfunksjon.

Det er avklart med prosjektleiinga at K6 kan disponere inntil ei heil stilling til koordinator/sekretær i tillegg til innleigd konsulent. Bør være nokon med kunnskap om området, og det vil vere ein fordel om ein kan fordele det på to stk i ca 50%. Det må leggest opp slik at dei som vert inntekte no blir med i resten av prosjektperioden. Det er diskutert med nokre konkrete, men det må då gjerast tiltak for å avlaste dei oppgåvene som ligg til desse. Når rollene til styringsgruppedeltakerne blir avklart framover kan situasjonen endre seg, men det vil vere behov for å beholde koodinatorene ut prosjektperioden og inn i ny kommune for å redusere sårbarheit og behalde kompetansen inn i ny kommune. Drøftinga i K6 gikk på kor stor belastning ut frå kommunestørrelse som skal leggest på den enkelte kommune. Uansett kor vi hentar folk frå organisasjonane vil det ha konsekvensar for drifta. Oppgåvene som koordinatorane skal løyse må tydeleggjerast, og det må utarbeidast ein beskrivelse av desse slik at krav og forventningar er tydeleg avklart. Styringsgruppa konkluderer med at Ole Søvik og Kim A. Breivik tek eit eige møte med dei to som er aktuelle kandidatar neste veke.

2. Høyringsuttalene.

Uttale nr.19. Det er nokre generelle betraktningar om innbyggertorg osv, K6 har i rapporten

beskrive innhaldet i desse.
Oppgåvedeling med S4, og korleis dette skal sjåast i samanheng med K6. Innspelet støttar K6 si tilråding.
Alle byggesaksarkiv må digitaliserast og skal den nye kommunen oppnå måla i intensjonsavtalen om å kunne tilby tenester digitalt i alle delar av den nye kommune må dette på plass. Det er ei stor investering, men ein har ikkje noko val. Det er ikkje slik at det ikkje er kostnader med å unnlate dette, men då går utgiftene i ekstra og tungvint arbeid.
Uttale nr. 24/26.
Etterlyser avklaring av innhald i avdelinga som er planlagt i Brattvågen. Dette er avklaringar som vil kome i det vidare arbeide med organiseringa.
Uttale 29.
K6 tolkar at dette er i tråd med vår innstilling, og behovet for samordning med S4.
Uttale 31. Invasjon må vere gjennomgåande for alle, felles metodesystem på tvers må på plass.
Styringsgruppa er einig i dette.
Uttale 45.
Boligsosial koordinator må identifiserast i organisasjonen, enten i rådmanns stab eller helse og velferd. K6 ser det som naturleg at uttalen blir teke til følgje og at denne koordinatoren ikkje er ein del av eigedomsforvaltning. Viktig at det i ny kommune blir rigga slik at eigedomsføretaket har hovudfokus på fast eigedom, og at det bustadsosiale aspektet blir handsama på ein heilskapleg måte på tvers i heile organisasjonen. Eigedomsføretaket er sjølvsgatt ein viktig aktør i dette samarbeidet.

3. Utale 61.
Angående støttetjenestene og løysing av innsyn og utlevering av data. Vi må erkjenne at dagens løysingar ikkje er gode nok, og her må styringsgruppa ta utgangspunktet i kva behov brukarane har og gjere ei eiga analyse av kva behov som finnast og korleis dette skal løysast i matriseorganisasjonen. Dei ulike fagavdelingane må ha ansvar for å halde sine data oppdatert, men kommunalområdet må ha ein koordinerande funksjon, og sia dette uansett blir liggande under teknisk vil kommunalområdet ha høve til å finne ei god løysing utan å gjere store endingar organisatorisk. Vi må også finne ut korleis dette skal henge i hop med innbyggertorga.
Uttale 65.
Forvaltning av formålsbygg innanfor tenesteområda. (Også teke inn i uttale frå T1). Sett utanfrå må det gjerast
Uttale 68.
Er det noko av innspelene her som er grunnlag for å endre K6 si innstilling? Kor store ulemper er det som blir vist til?
Det er i samband med høyringa gjennomført møte mellom eigedomsføretaket og prosjektleiinga 20.des, der innhaldet i K6 sin rapport var tema, og oppgåvefordelinga mellom eigedomsføretaket og styringsgruppa. Det vil ikkje vere opp til K6 å konkludere med kvar den strategiske eigedomsforvaltninga skal ligge, men K6 skal kome med ei tilråding. Den strategiske forvaltninga kan ikkje være frikopla frå resten av kommunen, og styringsgruppa må ha ei tilråding om forvaltninga. Fellesnemnda si tilråding med fire punkt, er denne for generell og lite spesifisert? Er det for upresist når det gjeld punkt A. kva er grensesnittet her, kva ligg til rådmann, kommunalområdet og eigedomsføretaket? Dette grensesnittet må utgreiast. Kva skal ligge i det overordna strategisk nivå, og taktisk nivå. Det er truleg ikkje so stor usemje som det kan verke til, men det er frå styringsgruppa tilrådd at vi

snarast muleg får eitt gjennomført ei avklaring av grensesnitt, innhald og oppgåvefordeling. Det må her sjåast på kulepunkta på side 130. Vi vil ikkje rekke å ha alle avklaringa på dette på plass til 1.feb, men vi har behov for å gjere avklaringane som trengs for å kunne fordele tilsette/ressursar. T1 skal arbeide vidare med detaljering i møte fredag 11.1. Styringsgruppa må konkludere med dette neste veke. Ein del av kontroversen omkring dette skuldast truleg misforståelser og utydeleg kommunikasjon.

4. **Organisasjonsplan.**

Gjennomgang av forslag til organisasjonsplan for VAR. Planen må ta inn i seg det geografiske elementet. Unngå parallelle ansvarsområde. Forslaget er at alle som har delt stilling, blir lagt i sin heilheit organisatorisk til ei verksemd, og at ein slik har berre ein leiar å forhalda seg til. K6 må fordele dagens ressursar og sjå på moglege samordningar og ein oversiktleg modell. Det må vere låg terskel for å gjere justeringar og endringar på dette når vi kjem inn i ny driftsorganisasjon. Når ny kommune byggast må det vere fleksibilitet i bruk av ressursar og det er viktig at teamledarane har oversikt over ulike fagområde. Med ny kommune må det leggast vekt på å sette opp budsjett som innehar nok detaljering om kjøp/overføring av ressursar på tvers av verksemdene for å unngå at vi legg opp til eit system der det brukast ressursar til å sende rekning til kvarandre. Det må leggast vekt på stor grad av delegering og at beslutningane kan gjerast på lågast moglege nivå.

5. **Oversikt over avtaler/koordinering.**

Det var omsnakka om kven av styringsgruppa som kan ta ansvar for å skaffe oversikt og arbeide med koordinering av ulike avtaler som finnast. Sjå kva som ligg i punkt 4 i mal for harmonisering. Det var ikkje konkludert med kven i styringsgruppa som kan ta dette, det må gjerast i neste møte, den 16.januar.

Møtet slutt kl.12.17.

Kim A. Breivik

ref.